



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 9 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i folketrygdlova
og enkelte andre lover
(oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	6.2	Gjeldande rett	14
			6.3	Vurderingar og forslag	14
			6.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	15
2	Endringar i oppteningsperioden for rett til dagpensar under arbeidsløyse – folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15	7	7	Retting av feil, presiseringar og lovtekniske endringar	16
2.1	Innleiing	7	7.1	Kjønnsnøytrale reglar i tre tenestepensjonslover	16
2.2	Gjeldande rett	7	7.2	Presisering i folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11	16
2.3	Vurderingar og forslag	7	7.3	Retting av feil i folketrygdlova §§ 3-25 og 8-17	17
2.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	8	7.4	Endra regulering av alderspensjon – rettingar i folketrygdlova og to andre lover	17
3	Endringar i barnetillegget for dagpensar under arbeidsløyse – folketrygdlova § 4-12	10	7.4.1	Innleiing	17
3.1	Innleiing	10	7.4.2	Gjeldande rett	17
3.2	Gjeldande rett	10	7.4.3	Endring i folketrygdlova	17
3.3	Vurderingar og forslag	10	7.4.4	Endring i lov om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor	17
3.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	10	7.4.5	Endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse	18
4	Innføring av eit ferietillegg til dagpensar under arbeidsløyse – folketrygdlova §§ 4-14 og 8-49	11	7.4.6	Økonomiske og administrative konsekvensar	18
4.1	Innleiing	11	7.5	Presisering knytt til ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning	18
4.2	Gjeldande rett	11	7.5.1	Innleiing	18
4.3	Vurderingar og forslag	11	7.5.2	Gjeldande rett	18
4.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	12	7.5.3	Vurderingar og forslag	19
5	Oppheving av særreglar om gjenopptak av dagpensar når avbrotet skuldast deltaking i arbeidsmarknadstiltak, avtent verneplikt eller sjukdom som skuldast graviditet – folketrygdlova § 4-16	13	7.5.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	19
5.1	Innleiing	13	7.6	Retting av feil i lov om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.	19
5.2	Gjeldande rett	13	8	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	20
5.3	Vurderingar og forslag	13			
5.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	13			
6	Ny ordning for stønad til briller til barn – folketrygdlova ny § 10-7 a	14		Forslag til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023)	24
6.1	Innleiing	14			



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 9 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 4. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i:

- lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse
- lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.
- lov 22. juni 1962 nr. 22 om pensjonsordning for sykepleiere
- lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.
- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd
- lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor
- lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse
- endringar i barnetillegget til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova § 4-12
- innføring av ferietillegg til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova § 4-14
- forenkling av reglane om gjenopptak av dagpengar – folketrygdlova § 4-16
- innføring av ferietillegg til sjukepengar på grunnlag av dagpengar – folketrygdlova § 8-49

Dei følgjande lovendringane er nødvendige som følge av forslag som er lagt fram i Prop. 1 S (2022–2023) Statsbudsjettet 2023:

- endringar i oppteningsperioden for dagpengar – folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15

Innføringa av heimel for ny stønadsordning for briller til barn i folketrygdlova ny § 10-7 a er ei nødvendig følgje av budsjettavtala for 2022.

For å sikre kjønnsnøytralitet, blir det foreslått å endre lovteksten i tre ulike tenestepensjonslover. Vidare blir det fremja forslag om presiseringar som bidrar til å gjere innhaldet tydelegare og meir i samsvar med gjeldande praksis. Dette gjeld mellom anna endringane som blir foreslått i folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11.

I folketrygdlova §§ 3-25 og 8-17 og i lønnsgarantilova § 1 er det feil i lovteksten som blir foreslått retta.

Reglane om regulering av alderspensjon frå folketrygda blei endra gjennom behandling i Stortinget av Prop. 41 L (2021–2022) og Innst. 194 L (2021–2022), sjå endringslov 1. april 2022 nr. 17. Enkelte reglar i folketrygdlova, lov om stats-tilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor og lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse burde ha vore omfatta av endringslova 1. april 2022 nr. 17. Departementet foreslår å endre desse reglane no. Endringane er av opprettande karakter.

Forslaget om heimel for ny stønadsordning for briller til barn i folketrygdlova ny § 10-7 a har vore

på høyring. Etter utgreiingsinstruksen punkt 3-3 femte ledd, kan ein unnlate å høyre forslag som gjeld statsbudsjettet, då dei kan vere unntatt frå offentlegheit etter offentleglova § 22. Dei forslaga som følgjer av framlegget til statsbudsjett, har ikkje vore på høyring.

Det er ikkje behov for høyring av forslag som ikkje inneber nokon realitetsendringar. Dei forslaga dette gjeld, har ikkje vore på høyring fordi høyring då må reknast som «åpenbart unødvendig» jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd tredje kulepunkt.

2 Endringar i oppteningsperioden for rett til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15

2.1 Innleiing

Departementet foreslår å endre reglane som gjer det mogleg å tene opp rett til dagpengar på grunnlag av inntekt som ligg lengre tilbake enn dei siste 12 avslutta kalendermånadene før søknaden, jf. folketrygdlova § 4-4. Samstundes foreslår departementet at sjukepengar etter folketrygdlova kapittel 8 og pleiepengar m.m. etter folketrygdlova kapittel 9 skal telje med i den inntekta som gir rett til dagpengar. Oppteningsperioden for den inntekta som ligg til grunn for berekninga av dagpengane, jf. folketrygdlova § 4-11, blir endra til svarande.

2.2 Gjeldande rett

For å få rett til dagpengar må søkjaren ha hatt utbetalt ei brutto arbeidsinntekt dei tolv sist avslutta kalendermånadene før søknadstidspunktet på minst 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G), eller minst 3G dei siste 36 avslutta kalendermånadene, jf. folketrygdlova § 4-4. I tillegg til inntekt som arbeidstakar (lønn), blir foreldrepengar, svangerskapspengar og sjukepengar ein får på grunn av graviditeten rekna som arbeidsinntekt. Bortsett frå slike svangerskapsrelaterte sjukepengar, gir ikkje sjukepengar opptening til dagpengar, sjå folketrygdlova § 4-4 andre ledd.

Dagpengane blir berekna på grunnlag av den inntekta dagpengemottakaren har hatt utbetalt dei tolv sist avslutta kalendermånadene før dagpenge-søknaden var fremja («søknadstidspunktet»), eller på grunnlag av den gjennomsnittlege inntekta dei siste 36 avslutta kalendermånadene, dersom dette gir eit betre grunnlag, jf. folketrygdlova § 4-11. I berekningsgrunnlaget inngår i tillegg til arbeidsinntekta, dei følgjande ytingane etter folketrygdlova: dagpengar etter kapittel 4, sjukepengar etter kapittel 8, omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar etter kapittel 9, og svangerskapspengar og foreldrepengar etter kapittel 14. Det er eit vilkår at søkjaren har tent opp retten til

desse ytingane som arbeidstakar. Dagpengegrunnlaget kan ikkje utgjere meir enn 6G.

Etter folketrygdlova § 4-15 kan ein få dagpengar i inntil 104 veker dersom den tidlegare arbeidsinntekta, jf. § 4-4, var minst to gonger grunnbeløpet i folketrygda (G) anten dei siste tolv månadene eller i gjennomsnittet av dei siste 36 månadene før søknaden. Dersom inntekta har vore lågare enn 2G, kan ein få dagpengar i inntil 52 veker.

For EØS-borgarar som søker og får innvilga norske dagpengar etter reglane som følgjer av EU-trygdeforordninga (883/2004) gjeld særskilde reglar om kravet til minsteinntekt og om kva som gir rett til kort eller lang dagpengeperiode. Fordi reglane i trygdeforordninga om at ein kan leggje saman oppteningstid frå andre EØS-statar berre opererer med tid, blir kravet til minste arbeidsinntekt i EØS-sakane rekna om til eit krav om ei minste tid i arbeid på anten minst 16 veker fulltidsarbeid dei siste 12 månadene eller minst 32 veker dei siste 36 månadene før søknadstidspunktet, sjå forskrift 16. september 1998 nr. 890 om dagpenger under arbeidsløshet (dagpengeforskrifta) § 13-1. Likeleis gir arbeid tilsvarende fulltid i anten minst 21 veker dei siste 12 månadene eller i gjennomsnitt dei siste 36 månadene, ein dagpengeperiode på inntil 104 veker. Arbeid innanfor dei same periodane på mindre enn 21 veker gir ein dagpengeperiode på inntil 52 veker.

2.3 Vurderingar og forslag

Dagpengane skal gi ei mellombels inntektssikring ved inntektsbortfall som følgje av arbeidsløyse. Dagpengeordninga er innretta slik at dei som har den sterkaste tilknytninga til arbeidslivet, er best sikra. Dette kjem til uttrykk gjennom kravet om minsteinntekt, ved at storleiken på dagpengane blir rekna ut ifrå den tidlegare inntekta, og ved at dagpengeperioden er kortare for dei som har hatt den lågaste inntekta.

Dagpengeordninga er altså innretta slik at dei som har ein sterk og aktuell tilknytning til arbeids-

livet like før arbeidsløysa, også er best sikra. Dagpengane er i første rekkje meint å vere ei inntekts-sikringsordning for dei som har ei aktuell tilknytning til arbeidslivet. Det inneber til dømes at den inntekta som gir opptening for retten til dagpengane, ikkje må liggje for langt attende i tid. Vidare tilseier dette at ordninga heller ikkje må vere innretta slik at den erstattar små eller ustabile inntekter.

Departementet vurderer det slik at ein kortare oppteningsperiode for minsteinntektskravet vil bidra til at dagpengeordninga i større grad blir retta inn mot personar med ein aktuell tilknytning til arbeidslivet. Ei kortare oppteningstid vil til dømes hindre nokon i å få dagpengar på grunnlag av inntekter frå arbeidsforhold dei frivillig har vald å trappe ned frå, eller har avslutta lenge før dei søker dagpengar. Vidare kan ei kort opptenings-tid bidra til at færre frå EØS-området kan få rett til norske dagpengar på grunnlag av arbeidsforhold som ligg relativt langt tilbake i tid, etter kortvarig arbeid i Norge. Ved å rette dagpengeordninga mot dei som har ei nær tilknytning til arbeidslivet, vil ordninga betre insentiva til kontinuerleg yrkesdeltaking.

Både for dei som søker dagpengar, og for Arbeids- og velferdsetaten, som forvaltar dagpengeordninga, er det viktig at regelverket ikkje er for komplekst og uoversiktleg. Det store talet på dagpengesøknader som etaten opplevde under covid-19-pandemien, synte at det er nødvendig å gjere regelverket enklare, slik at saksbehandlinga blir meir effektiv og tar kortare tid. Eit enklare regelverk legg til rette for å auke automatiseringa av saksbehandlinga. Å operere med ein oppteningsperiode framfor to vil vere ei slik forenkling.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at arbeidsinntekt som ligg lengre tilbake i tid enn dei tolv sist avslutta kalendermånadene før søknadstidspunktet, ikkje lenger skal kunne gi opptening til rett til dagpengar.

Ein del dagpengesøklarar har hatt lengre fråvær frå arbeidslivet, slik at dei ikkje har hatt nokon arbeidsinntekt dei siste tolv månadene før dei søker dagpengar. Det kan vere ulike grunnar til at ein ikkje har vore i arbeid. Nokon vel til dømes å ta fri, ulønna permisjon eller å ta utdanning. Men mange har ikkje sjølv vald å halde seg utanfor arbeidslivet. Det kan verke urimeleg at desse skulle miste dagpengeretten sin. Eit utvida inntektsgrunnlag vil sikre at dei som har hatt fråvær som er knytt til eigen sjukdom eller sjukdom hos egne barn eller andre nære familiemedlemmer, likevel kan få rett til dagpengar. Derfor foreslår departementet at sjukepengar etter folke-

trygdlova kap. 8 og omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar etter kap. 9 skal inngå i minsteinntekta etter folketrygdlova § 4-4. Dagpengane skal delvis kompensere for inntektsbortfall for dei som har mista inntekta si som følge av *arbeidsløyse*. Derfor bør det komme klart fram at det er eit krav at dei trygdeytningane som kan gi rett til dagpengar, må vere tent opp som arbeidstakarar. Sjukepengar som er mottatt som sjølvstendig næringsdrivande, bør til dømes ikkje gi rett til dagpengar, sidan heller ikkje inntekt frå sjølvstendig næringsverksemd er omfatta av «arbeidsinntekt» etter folketrygdlova § 4-4.

Det er naturleg å oppretthalde samanhengen mellom den perioden som ligg til grunn for minsteinntektskravet og den som ligg til grunn for berekningsgrunnlaget. Departementet foreslår derfor at grunnlaget for dagpengane, jf. § 4-11, på same måte som når det gjeld minsteinntektskravet, blir avgrensa til inntekta frå dei tolv sist avslutta kalendermånadene før søknadstidspunktet.

Som følge av at ein ikkje lenger kan leggje til grunn inntekta som er utbetalt tidlegare enn i dei tolv sist avslutta kalendermånadene etter folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11, foreslår departementet at også folketrygdlova § 4-15 blir endra, slik at berre inntekt på 2G eller meir dei tolv sist avslutta kalendermånadene gir ein dagpengeperiode på 104 veker. Dei som har hatt ei lågare inntekt dei siste tolv kalendermånadene, får dagpengar i inn-til 52 veker. Dette sikrar ein god samanheng i regelverket.

Forslaget inneber at dei særlege reglane for når ein EØS-borgar som søker dagpengar etter forordning (EF) nr. 883/2004 (trygdeforordninga), oppfyller kravet til minsteinntekt og korleis stønadsperioda skal fastsetjast, også må endrast tilsvarande. Dette vil bli gjort ved endringar i dagpengeforskrifta kapittel 13.

Det blir vist til forslaget til endringar i folketrygdlova §§ 4-4, 4-11 og 4-15 i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringane skal gjelde frå 1. januar 2023, men at dei ikkje får verknad for dei som har søkt dagpengar og fyller vilkåra før dette tidspunktet. Den nærmare reguleringa av dette skal etter forslaget skje i forskrift.

2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei økonomiske konsekvensane er innarbeidde i Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Forslaget er berekna å gi ein innsparing på om lag 190 mill. kroner under kap. 2541, Dagpengar, post 70 Dagpengar, i 2023 og om lag 360 mill. kroner i 2024. Heilårseffekten inntre i 2025 og er

berekna til om lag 425 mill. kroner. Administrative konsekvensar vil bli handtert innanfor den gjeldande budsjetttramma.

3 Endringar i barnetillegget for dagpensar under arbeidsløyse – folketrygdlova § 4-12

3.1 Innleiing

Departementet foreslår at begge forsørgjarane skal få eit barnetillegg dersom begge får dagpensar, slik det gjeld for dei som får arbeidsavklaringspensar.

3.2 Gjeldande rett

Retten til barnetillegg følgjer av folketrygdlova § 4-12, og er nærmare regulert i kapittel 7 i forskrift 16. september 1998 nr. 890 om dagpensar under arbeidsløshet (dagpengeforskrifta).

Dagpengemottakarar som forsørgjer barn under 18 år, får eit tillegg til dagpengesatsen på 17 kroner per dag, fem dagar i veka. Dersom begge forsørgjarane er dagpengemottakarar, kan likevel berre ein av dei få barnetillegget.

3.3 Vurderingar og forslag

Når Arbeids- og velferdsetaten behandlar saker om dagpensar der det går fram at søkjaren forsørgjer barn under 18 år, må saksbehandlaren sjekke om den andre forsørgjaren også mottek dagpensar og får barnetillegget. Dette er særleg krevjande å kontrollere dersom den andre forsørgjaren ikkje bur i Noreg. Dei relevante opplysningane om bustad og eventuelle trygdeytningar i andre land, er ikkje tilgjengelege i dei registrane som etaten kan hente opplysningar frå. Dermed må etaten hente inn opplysningane manuelt. Vidare må etaten informere den forsørgjaren som ikkje får barnetillegget, om årsaka til dette. Den av forsørgjarane som søkjer og får innvilga sin

dagpengesøknad først, vil få barnetillegg, trass i at begge faktisk har forsørgingsplikt. Dette verkar vilkårleg. I samband med andre folketrygdytingar, til dømes arbeidsavklaringspengane, får begge forsørgjarane eit barnetillegg dersom begge får ytinga.

Ved å gi barnetillegget til begge forsørgjarane, slepp saksbehandlarane å bruke tid og ressursar på å hente den nemnde informasjonen. Endringa inneber dermed ei forenkling som legg til rette for å auke digitaliseringa av behandlinga av dagpengesøknadene. Vidare bidrar endringa til å harmonisere folketrygdytingar det er naturleg å samanlikne. Samla sett vil endringa gjere det lettare for etaten å rettleie dagpengesøklararar om kva dei har rett til og kan forvente å få. Det kjem søkjarane til gode.

Å gi barnetillegget til begge forsørgjarane vil i tillegg verke positivt på økonomien til barnefamiliane.

Det blir vist til forslaget til endringar i folketrygdlova § 4-12 andre ledd i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringane skal gjelde frå 1. januar 2023.

3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

I forslaget til statsbudsjett er det lagt til grunn at endringane vil auke utbetalingane over kap. 2541 Dagpensar, post 70 Dagpensar, med om lag 2,8 mill. kroner i 2023, jf. Prop. 1 S (2022–2023) Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Endringane gjer behandlinga av dagpengesakene enklare og mindre ressurskrevjande.

4 Innføring av eit ferietillegg til dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova §§ 4-14 og 8-49

4.1 Innleiing

Regjeringa foreslår å gi eit ferietillegg på 9,5 prosent til dei som har fått dagpengar i minst åtte veker i året før (oppteningsåret). Dei som får sjukepengar på grunnlag av dagpengar etter reglane i folketrygdlova § 8-49, får eit tilsvarende ferietillegg til desse sjukepengane. Som følge av innføringa av ferietillegget, foreslår regjeringa å oppheve reglane om at dei som har fått dagpengar i 52 veker eller meir, kan ha feriefråvær med dagpengar i inntil fire veker.

4.2 Gjeldande rett

Eit grunnleggjande vilkår for å få dagpengar er å vere reell arbeidssøklar, dvs. at ein aktivt skal søkje arbeid og samstundes vere arbeidsfør, villig og i stand til å ta eitkvart arbeid, når og kor som helst i landet. Det går fram av folketrygdlova § 4-5. Vilkåret inneber at dei som tek ferie og ikkje er reelle arbeidssøklarar, heller ikkje fyller vilkåra for å få dagpengar. Dei får derfor ikkje dagpengar medan dei har ferie. Dei som har fått dagpengar i 52 veker eller meir, kan likevel få dagpengar i samband med feriefråvær etter særskilde reglar i folketrygdlova § 4-5 tredje ledd og forskrift 16. september 1998 nr. 890 om dagpenger under arbeidsløshet § 1-5. Arbeids- og velferdsdirektoratet har opplyst at relativt få melder frå at dei tek ferie med dagpengar etter desse reglane.

Som følge av dei lange periodane med restriksjonar av smittevernomsyn under Covid-19-pandemien i 2020–22, var svært mange permitterte og fekk dagpengar i staden for lønn. Som eit særskilt tiltak for å betre deira økonomi, blei det gitt mellombelse reglar om feriepengar av utbetalte dagpengar i 2020 og 2021. Feriepengane svarte til 10,2 prosent av dagpengane frå året før, og blei utbetalte i juni i 2021 og 2022 til dagpengemottakarar som ikkje hadde rett til å ta ferie med dagpengar etter reglane i folketrygdlova § 4-5 tredje ledd. Reglane er nærmare omtalte mellom anna i Prop. 4 L (2021–2022) Endringar i folketrygd-

loven og enkelte andre lover (samleproposisjon høsten 2021) og Innst. 68 L (2021–2022) frå Arbeids- og sosialkomiteen om denne.

4.3 Vurderingar og forslag

Også tidlegare har det vore reglar om ferietillegg til dagpengane. Desse blei siste gong oppheva med verknad frå 2015, sjå Prop. 14 L (2014–2015) Endringar i folketrygdlova og einskilde andre lover (samleproposisjon). Avviklinga av ferietillegget førte til at dei som hadde fått dagpengar i meir enn åtte veker, fekk ein lågare stønad enn tidlegare. Dette var noko av bakgrunnen for innføringa av retten til å ta ferie med dagpengar frå og med 2016. Denne retten tryggjer inntekta i ferien, men inneber samstundes at mottakarane bruker av dagpengeperioden sin.

Reglane om feriepengar til dagpengane som blei innførte under pandemien, var meint å berre gjelde mellombels, og blir derfor ikkje vidareførte. I regjeringa si politiske plattform, Hurdalsplattforma, går det fram at regjeringa vil gjeninnføre retten til eit ferietillegg i dagpengeordninga på meir varig basis.

For å sikre at dei arbeidssøklarane som har lengre periodar med arbeidsløyse, får ei betre inntektssikring, foreslår regjeringa derfor å gjeninnføre ordninga med ferietillegg til dagpengane, i hovudsak slik den var fram til 2015. Det blir foreslått eit ferietillegg på 9,5 prosent av dagpengane som er utbetalte i året før ferieåret, til dei dagpengemottakarane som har fått dagpengar i åtte veker eller meir. Etter dei reglane som gjaldt fram til 2015, blei ferietillegget utbetalt i månadsskiftet januar-februar, etter at ein full dagpengeperiode var avslutta eller etter at dagpengeperioden var avslutta som følge av at mottakaren hadde fylt 67 år og derfor ikkje lenger hadde rett til dagpengar. Departementet foreslår at det nye ferietillegget blir utbetalt i juni året etter oppteningsåret, i staden for i månadsskiftet januar-februar. I juni vil opplysningane om dagpengeutbetalingane for oppteningsåret vere meir fullstendige. Dessutan

vil utbetalingstidspunktet for ferietillegget då bli meir likt det som gjeld for utbetalinga av feriepengane for dei fleste lønsmottakarane. Dei fleste tek også ferie i sommarmånadene.

Som det også går fram av forslaget til statsbudsjett, Prop. 1 S (2022–2023) Arbeids- og inkluderingsdepartementet, gjeld denne endringa for utbetaling av ferietillegg for 2023. Departementet vil sjå nærmare på om ei ferietilleggsordning etter 2023 kan gjerast enda meir lik den feriepengeordninga som gjeld for arbeidstakarar etter ferielova.

Erfaringane med den mellombelse feriepengeordninga under pandemien synte at det ikkje var mogleg å etablere ei tilfredsstillande ordning der ein skulle kunne velje anten å få feriepengar av dagpengane eller å få dagpengar i ferien. Ein føresetnad for innføringa av ferietillegget er derfor at retten til feriefriheit med dagpengar etter folketrygdlova § 4-5 tredje ledd, blir oppheva samstundes. Det er ikkje like stort behov for ei slik ordning når ein kan få eit ferietillegg i staden.

Dagpengemottakarar vil med desse endringane ikkje ha rett til dagpengar i samband med ferie eller anna fråvær, fordi dei då ikkje vil vere reelle arbeidssøklarar i tråd med vilkåra i folketrygdlova § 4-5. Ferietillegget vil bidra til at arbeidssøklarar likevel vil kunne ta ferie, slik som dei ordinære arbeidstakarane kan. Sjølv om ein kan få dagpengar inntil 104 veker, har dei fleste dagpengar berre i ein kort periode. Dei aller fleste vil derfor få ferietillegget først når dei ikkje lenger er dagpengemottakarar. Dei som framleis får dagpengar året etter oppteninga, vil kunne få både dagpengar og ferietillegget på same tid.

Det tidlegare ferietillegget blei rapportert til skattemyndigheitene som ordinære dagpengar, det vil seie at det blei rekna som ein del av dagpengane. Utbetalt ferietillegg blei likevel ikkje ein del av grunnlaget for ferietillegget det neste året. Slik bør det også vere når ferietillegget blir gjeninnført. Feriepengar til lønsmottakarar gir ikkje grunnlag for nye feriepengar. Utbetalte ferietillegg til dagpengar bør prinsipielt heller ikkje gi grunnlag for ferietillegg. Departementet foreslår at dette blir presisert i det formelle regelverket. Det kan vere hensiktsmessig å gi nærmare reglar om utbetalinga av ferietillegget i forskrifter. Derfor foreslår departementet ein heimel til å gi forskrifter i eit nytt tredje ledd i folketrygdlova § 4-14.

Etter folketrygdlova § 4-12 skal dagpengar inklusiv barnetillegget ikkje kunne utgjere meir enn 90 prosent av dagpengegrunnlaget. Før ferietillegget blei avvika i 2015, gjekk det fram at ferietillegget skulle haldast utanfor denne avgrensinga

på 90 prosent. Som følge av forslaget om å gjeninnføre ferietillegget i hovudsak slik det var før 2015, må paragrafen endrast attende til slik den tidlegare lydte, slik at det klart går fram at avgrensinga ikkje gjeld ferietillegget.

Dagpengemottakarar som blir sjuke, har etter folketrygdlova § 8-49 ein rett til sjukepengar etter særlege reglar. Før 1. januar 2015 hadde desse dagpengemottakarane rett til 9,5 prosent ferietillegg til sjukepengane. Når eit ferietillegg no blir innført for dagpengane, er det rimeleg at den tilsvarende retten også blir innført igjen når det gjeld retten til sjukepengar etter denne særskilde heimelen. Departementet foreslår derfor å gi eit ferietillegg på 9,5 prosent til medlemmar som har fått dagpengar og/eller sjukepengar i meir enn åtte veker året før utbetalinga av ferietillegget.

Departementet legg til grunn at dei reglane om ferietillegg som blir foreslått her, er i tråd med dei pliktene som følgjer av EØS-retten og annan internasjonal rett. Formålet med trygdeforordninga er å koordinere trygdeordningane i EØS-landa, ikkje å harmonisere dei. Endringa gjeld dessutan likt for alle dagpengemottakarane, og inneber derfor heller inga forskjellsbehandling mellom norske borgarar og EØS-borgarar.

Det blir vist til forslaget til endringar i folketrygdlova § 4-5, § 4-12 tredje ledd, § 4-14 og § 8-49 tredje ledd i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå og med ferieåret 2023, slik at dagpengar som er utbetalte i 2022, blir lagt til grunn for utbetalinga av ferietillegget i 2023.

4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

I forslaget til statsbudsjett er det lagt til grunn at endringane vil auke utbetalingane over kap. 2541 Dagpengar, post 70 Dagpengar, med om lag 995 mill. kroner i 2023, jf. Prop. 1 S (2022–2023) Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Vidare er det lagt til grunn at retten til ferietillegg av sjukepengar på grunnlag av dagpengar vil auke utbetalingane under kap. 2650 Sjukepengar, post 75 Feriepengar av sjukepengar, med om lag 59 mill. kroner i 2023.

Saksbehandlinga i samband med utbetalinga av ferietillegg vil i stor grad kunna gjerast automatisk. I dei tilfella ein må ta omsyn til periodar med både dagpengar og sjukepengar for å vurdere om vilkåra for ferietillegg etter folketrygdlova § 8-49 er oppfylt, vil det vera manuell saksbehandling. Dette vil innebere auka administrative kostnader.

5 Oppheving av særreglar om gjenopptak av dagpengar når avbrotet skuldast deltaking i arbeidsmarknadstiltak, avtent verneplikt eller sjukdom som skuldast graviditet – folketrygdlova § 4-16

5.1 Innleiing

Regjeringa foreslår å oppheve folketrygdlova § 4-16 andre ledd, om at dei som har deltatt i arbeidsmarknadstiltak, avtent verneplikta eller som har vore sjuke på grunn av graviditet, slik at dei har hatt brot i dagpengeperioden på meir enn 52 veker, likevel kan ta opp att dagpengeperioden sin.

5.2 Gjeldande rett

Arbeidssøkjjarar som har hatt opphald i dagpengeperioden på inntil 52 veker, kan etter gjeldande reglar ta opp att det tidlegare dagpengevedtaket sitt og halde fram forbruket av dagpengeperioden der det var då utbetalinga blei stansa, og med den same dagsatsen. Dagpengemottakarane kan også ta opp att dagpengane sjølv om det er gått meir enn 52 veker sidan den siste utbetalinga, når grunnen til brotet var deltaking i arbeidsmarknadstiltak, avtent verneplikt eller sjukdom som følgje av graviditet. Dette går fram av folketrygdlova § 4-16 andre ledd.

5.3 Vurderingar og forslag

Svangerskapsrelaterte sjukepengar, foreldrepenge og svangerskapspenge er frå 2011 likestilt med arbeidsinntekt etter folketrygdlova § 4-4.

Etter at oppteningsperioden for rett til dagpengar og berekninga av dagpengane, jf. folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11, blei flytta heilt fram til søknadstidspunktet i 2019, vil truleg dei fleste som har slike langvarige brot i dagpengeperioden, fylle vilkåra for ein ny dagpengeperiode. I folketrygdlova § 4-19 er det gitt særreglar om rett til dagpengar etter avtent verneplikt, som også sikrar rett til dagpengar ved periodar med brot i stønadsperioden. Arbeidsmarknadstiltak for dagpengemottakarar varar vanlegvis ikkje så lenge at den generelle regelen om gjenopptak innanfor 52 veker ikkje kan nyttast. Dermed er det i langt mindre grad enn tidlegare, behov for den særlege gjenopptaksregelen for brot i dagpengeperioden på meir enn 52 veker. Som følgje av det og for å gjere regelverket enklare, foreslår regjeringa å oppheve særreglane i § 4-16 andre leddet, knytt til deltaking i arbeidsmarknadstiltak, tidlegare verneplikt eller sjukdom på grunn av graviditet.

Det blir vist til forslaget til endring av folketrygdlova § 4-16 i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2023.

5.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa har venteleg ikkje økonomiske konsekvensar, men inneber ei administrativ forenkling.

6 Ny ordning for stønad til briller til barn – folketrygdlova ny § 10-7 a

6.1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har med verknad frå 1. august 2022 innført ei ny støtteordning for barn som treng briller. Departementet foreslår å heimle den nye ordninga i folketrygdlova kapittel 10 om stønad for å kompensere for utgifter til betring av arbeidsevna og funksjonsevna i dagleglivet.

6.2 Gjeldande rett

Arbeids- og inkluderingsdepartementet innførte med verknad frå 1. august 2022 ei ny støtteordning for barn som treng briller. Stønadsordninga gjeld fram til barnet fyller 18 år, og ho er fastsett i forskrift 19. juli 2022 nr. 1364 om stønad til briller til barn med heimel i Stortingets budsjettvedtak.

Det er eit vilkår at barnet treng ei kvalifisert korrigering av synet (brillestyrke på minst eitt glas $\geq 1,00D$ og/eller cylinderstyrke på minst eitt glas $\geq 1,00D$) og at brilla er bestilt hos optikar. Det blir gitt stønad til éi brille per kalenderår. Brillene blir dekte etter fem satsar. Satsane er fastsette med utgangspunkt i dei kalkulerte kostnadane ved å skaffe ei nødvendig og hensiktsmessig brille med ei gitt styrke, med eit fråtrekk på 450 kroner. Stønaden kan bli utbetalt som direkteoppgjer til optikaren, og blir då trekt frå på rekninga hos optikaren. Dersom barnet ved verja vel å sende søknad sjølv, blir stønaden utbetalt til barnet ved verja.

Den nye ordninga kjem i tillegg til dei to andre ordningane som også dekkjer briller til barn: briller til behandling eller førebygging av amblyopi (behandlingsbriller) og briller og kontaktlinser for personar med nedsett synsevne som følgje av sjukdom, skade eller lyte.

6.3 Vurderingar og forslag

Formålet med stønad etter folketrygdlova kapittel 10 er å kompensere for meirutgifter til betring av

arbeidsevna og funksjonsevna i dagleglivet for medlemmer som har varig sjukdom, skade eller lyte.

Dei fleste med eit dokumentert behov for briller fyller ikkje dette vilkåret. Vanleg nærsyntleik, langsyntleik og skeive hornhinner kjem normalt av naturlege variasjonar i utforminga av auget, og ikkje av sjukdom, skade eller lyte. Briller til dette formålet må reknast som vanleg å ha i befolkninga. Folketrygda dekkjer ikkje briller i slike situasjonar.

Briller kan bli dekte når behovet kjem av sjukdom eller skade i synsapparatet, og den nødvendige brilla ikkje er vanleg for andre å skaffe seg (ordninga med briller og kontaktlinser for personar med nedsett synsevne som følgje av sjukdom, skade eller lyte). Briller kan også bli dekte til behandling eller førebygging av amblyopi (ordninga med briller til behandling eller førebygging av amblyopi).

Dei fleste barn har ikkje hatt rett til å få dekt utgifter til briller til ordinær synskorrigering frå folketrygda, heller ikkje før retningslinene til briller til behandling eller førebygging av amblyopi (behandlingsbriller) blei endra frå mars 2020.

Departementet sende 23. mai 2022 eit forslag til innretning av ei ny ordning for stønad til briller til barn på høyring til Blindeforbundet, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Nasjonalt senter for optikk, syn og øyehelse ved Universitetet i Sørøst-Norge, Norske ortoptisters forening, Optikerforbundet, Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner, Synsinfo og Øyeforeningen. Høyringsfristen var 10. juni 2022.

Den nye ordninga blei fastsett i forskrift 19. juli 2022 nr. 1364 om stønad til briller til barn. Støtteordninga gir barn som hamna utanfor ordninga med behandlingsbriller i 2020, på nytt ein rett til brillestøtte. I tillegg gir ho rett til brillestøtte til langt fleire barn enn før 2020. Om lag 140 000 barn vil få rett til brillestøtte etter den nye ordninga, i tillegg til dei barna som får dekt briller etter dei to andre ordningane. Sjå også omtale av ordninga i punkt 6.2.

Sidan briller til ordinær synskorrigerering til no ikkje har blitt dekte etter folketrygdlova, viste departementet i høyringsnotatet også til at den nye ordninga kunne vere heimla i Stortingets årlege budsjettvedtak, slik som ordninga med servicehund. Departementet meinte likevel at det ville vere meir hensiktsmessig at den nye ordninga blir heimla gjennom ei ny lovføresegn i folketrygdlova kapittel 10. Ut frå dette foreslo departementet derfor at den nye føresegna skulle gjere unntak frå sjukdomskravet, og at nærmare retningsliner blir fastsett i forskrift. Samstundes foreslo departementet at ordninga mellombels blei heimla i Stortingets budsjettvedtak.

Dei høyringsinstansane som uttalte seg om dette spørsmålet, støtta at den nye ordninga blir heimla i folketrygdlova i ny § 10-7 a. *Blindeforbundet* foreslo ei endring av ordlyden, for å sikre at ingen barn med reelt behov for briller ville falle utanfor alle dei tre ordningane.

I lys av høyringa foreslår departementet at den nye ordninga blir heimla i folketrygdlova. Det blir samstundes foreslått ei justering av lovtæksten samanlikna med forslaget som var sendt på høyring, slik at det skal gå klart fram at det ikkje er eit vilkår at behovet for korrigerering av synet må skuldast sjukdom, skade eller lyte.

Det blir vist til forslaget til folketrygdlova ny § 10-7 a i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2023.

6.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget har ikkje økonomiske eller nemneverdige administrative konsekvensar.

7 Retting av feil, presiseringar og lovtekniske endringar

7.1 Kjønnsnøytrale reglar i tre tenestepensjonslover

I lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. og lov om pensjonsordning for sykepleiere er det føresegner der det berre står «han» når det er tale om medlemen i pensjonsordninga. I andre føresegner står «han eller hun». Departementet foreslår at føresegnene der det no står berre «han» blir endra slik at dei blir kjønnsnøytrale.

Det blir vist til endringane i lov om Statens pensjonskasse § 8, § 15 tredje ledd første punktum, § 21 første og andre ledd, § 21 A første ledd, § 22 første og andre ledd, § 23 første ledd første og andre punktum, § 23 andre ledd og § 26 tredje ledd femte og sjette punktum i lovforslaget. Vidare blir det vist til endringane i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 1 andre ledd, § 2 andre ledd, § 7 nr. 1 første ledd første og andre punktum, § 7 nr. 2 første ledd, § 7 nr. 2 andre ledd første punktum, § 9 fjerde ledd femte og sjette punktum, § 29 nr. 1 første ledd første punktum og § 36 andre ledd første punktum i lovforslaget. Det blir også vist til endringane i lov om pensjonsordning for sykepleiere § 8 tredje ledd første og andre punktum, § 9 første ledd, § 10 andre ledd, § 29 andre ledd og § 36 første ledd første punktum i lovforslaget.

Endringane bør ta til å gjelde så raskt som mogleg. Dei har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.2 Presisering i folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11

Folketrygdlova § 4-11 gir reglar om kva for inntekter dagpengane blir rekna ut ifrå – dagpengegrunnlaget. Det går fram av andre ledd at i tillegg til arbeidsinntekt, det vil seie lønn, inngår visse trygdeytningar som kjem i staden for tapt arbeidsinntekt. Dette gjeld sjukepengar, jf. folketrygdlova kapittel 8 og pleie-, omsorgs- og opplæringspengar, jf. folketrygdlova kapittel 9.

Desse inntektene blir lagt til grunn med brutto utbetaling, altså utbetalingane før til dømes skatte-

trekk. Det er inntektene som er utbetalt i dei siste 12 avslutta kalendermånadene før søknaden om dagpengar er fremja, eventuelt dei 36 månadene, som inngår i dagpengegrunnlaget. Det avgjerande er ikkje når søkjaren tente opp retten til inntekta, men tidspunktet for når utbetalinga faktisk fant stad. Regelen har alltid vore praktisert etter eit slikt kontantprinsipp. Før 2011 gjekk dette også tydelegare fram av ordlyden.

Ordlyden blei endra med verknad frå 1. januar 2011. Då blei ordet «utbetalt» fjerna, og i staden blei det presisert at det var brutto inntekt som skulle leggjast til grunn. Som det går fram av Prop. 16 L (2010–2011) Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (samleproposisjon hausten 2010), innebar denne endringa ikkje nokon materiell endring av regelen. Det var framleis kontantprinsippet som skulle leggjast til grunn.

Gjennom fleire saker som er behandla i Trygderetten, er det stilt spørsmål ved om kontantprinsippet framleis gjeld for berekninga av dagpengegrunnlaget etter folketrygdlova § 4-11, mellom anna fordi det ikkje eksplisitt går fram av ordlyden. Sjølv om det går klart fram at endringa som blei vedteken hausten 2010, ikkje var meint å endre praksis, kan det likevel vere nødvendig å gjere regelen tydelegare.

Folketrygdlova § 4-4 gir reglar om krav til minsteinntekt for rett til dagpengar. På same måte som etter § 4-11, er det tidspunktet for utbetalinga av inntekta som blir lagt til grunn ved vurderinga av om minsteinntektskravet er oppfylt, og ikkje opppeningsstidspunktet. Dette går ikkje klart fram av ordlyden. Det blir derfor foreslått å endre ordlyden både i § 4-4 første ledd og i § 4-11 andre ledd, slik at det klart går fram at det er dei faktiske utbetalingane i oppeningsperioden som skal reknast med i minsteinntekta og i dagpengegrunnlaget.

Samstundes er det også viktig at det ikkje blir reist tvil om at det er bruttoinntekta som inngår i grunnlaget. Dette går fram av ordlyden i § 4-4, men ikkje av § 4-11. Det blir derfor foreslått ei presisering av dette i eit eiga punkt i § 4-11 andre ledd.

Endringane bør ta til å gjelde så raskt som mogleg.

Det blir vist til forslaget til endringar i folketrygdlova §§ 4-4 og 4-11 i lovforslaget.

7.3 Retting av feil i folketrygdlova §§ 3-25 og 8-17

Ved lov 18. desember 2020 nr. 140 om endringer i folketrygdloven (utfasing av forsørgingstillegg til alderspensjon) blei det gjort endringar i mellom anna folketrygdlova § 3-25 andre ledd om barnetillegg til ein person som har fylt 67 år og som mottar heil alderspensjon etter folketrygdlova kapittel 19. Det blei bestemt at barnetillegget skulle fasast ut slik at det fell bort frå og med 1. januar 2025. Stortinget ønskte at det skulle bli fasa ut raskare enn det departementet foreslo, og i lovvedtaket blei det skrive eit feil årstal i fjerde punktum. I lovvedtaket står det at barnetillegget frå og med 1. januar 2023 gradvis blir fasa ut slik at fullt tillegg utgjir 67 prosent av tillegget etter andre punktum i 2024 og 33 prosent av tillegget etter andre punktum i 2024. Det riktige skal vera at barnetillegget frå og med 1. januar 2023 gradvis blir fasa ut slik at fullt tillegg utgjir 67 prosent av tillegget etter andre punktum i 2023 og 33 prosent av tillegget etter andre punktum i 2024. Departementet foreslår at denne feilen blir retta opp. Endringa bør ta til å gjelde så raskt som mogleg.

Folketrygdlova § 8-4 andre ledd blei oppheva frå 1. juni 2021, og folketrygdlova § 8-4 tredje ledd blei nytt andre ledd. I folketrygdlova § 8-17 første ledd bokstav d og e er det vist til folketrygdlova § 8-4 tredje ledd bokstav e og i, men denne tilvisinga blei ved ein inkurie ikkje endra då § 8-4 blei endra. Departementet foreslår å rette opp dette. Som ein følgje av endringa skal det i folketrygdlova § 8-17 første ledd bokstav d og e visast til folketrygdlova § 8-4 andre ledd bokstav e og i. Endringa bør ta til å gjelde så raskt som mogleg.

Det blir vist til forslaget til endringar i folketrygdlova § 3-25 andre ledd fjerde punktum og § 8-17 første ledd bokstav d og e i lovforslaget.

7.4 Endra regulering av alderspensjon – rettingar i folketrygdlova og to andre lover

7.4.1 Innleiing

Reglane om regulering av alderspensjon frå folketrygda blei nyleg endra gjennom behandling i Stortinget av Prop. 41 L (2021–2022) og Innst. 194 L (2021–2022), sjå endringslov 1. april 2022 nr. 17. Gjennom endringane blei alderspensjon under

utbetaling frå folketrygda frå og med 2022 regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst. Tidlegare skjedde reguleringa med lønnsveksten og med eit frådrag for ein fast faktor på 0,75 prosent. Dei nye reguleringsreglane gjaldt også for regulering av minste pensjonsnivå og garanti-pensjon. Dei fleste andre lovfesta pensjonsyttingar som hadde same regulering som alderspensjon frå folketrygda, eller som viser direkte til reglane om regulering i folketrygda, blir også frå 2022 regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst.

Enkelte reglar i folketrygdlova, lov om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor og lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse burde ha vore omfatta av dei nemnde lovendingane. Departementet foreslår derfor å endre desse reglane no. Endringane er av opprettande karakter.

7.4.2 Gjeldande rett

Frå 2022 blir alderspensjon frå folketrygda regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Det gjeld også alderspensjon frå offentlig tenestepensjonsordning, men også offentlig avtalefesta pensjon (AFP). AFP frå privat sektor er ikkje omfatta av den nye reguleringsmåten.

7.4.3 Endring i folketrygdlova

Folketrygdlova § 20-20 gjeld garanti for opptente rettar. I tredje ledd står framleis den gamle reguleringsmåten med regulering i samsvar med lønnsveksten og fråtrekk med 0,75 prosent. Departementet foreslår at føresegna blir endra slik at det også står her at utbetalt garantitillegg skal bli regulert i samsvar med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst.

Det blir vist til forslaget om endring i folketrygdlova § 20-20 tredje ledd tredje punktum i lovforslaget.

Endringa bør ta til å gjelde så raskt som mogleg og kan få verknad frå 1. april 2022.

7.4.4 Endring i lov om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor

Det er behov for ei lovteknisk tilpassing i lov om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor (AFP-tilskottsloven) som følgje av at det er gjort endringar i føresegner i folketrygdlova som AFP-tilskottslova viser til.

Sidan reglane for regulering av AFP i privat sektor ikkje skal leggast om til eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst, bør tilvisinga til folketrygdlova endrast i § 7 fjerde ledd. I staden for å visa til reguleringa i folketrygdlova § 20-18 andre ledd som no inneber ei regulering med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst, bør det vera ei tilvising til lønnsveksten i § 20-18 første ledd som det så blir gjort fråtrekk for med 0,75 prosent.

Det blir vist til forslaget om endringar i lov om statstilskott til arbeidstakarar som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor § 7 fjerde ledd i lovforslaget.

Endringa bør ta til å gjelde så raskt som mogleg og kan få verknad frå 1. april 2022.

7.4.5 Endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Forsørgingstillegget til AFP frå Statens pensjonskasse blir i dag regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Dagens lovtekst er likevel unødig tung. Etter § 4 tredje punktum skal «[p]ensjonen, unntatt forsørgingstillegg og AFP-tillegg, reguleres i samsvar med et gjennomsnitt av lønns- og prisvekst». I § 4 sjette punktum kjem det så fram at «Ved regulering av forsørgingstillegg legges reguleringsfaktoren etter folketrygdloven § 19-14 tredje ledd til grunn.» Reguleringsfaktoren etter § 19-14 tredje ledd er gjennomsnittet av lønns- og prisvekst. For å klargjere at forsørgingstillegg til AFP skal bli regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten, foreslår departementet at orda «forsørgingstillegg og» blir tatt ut av § 4 tredje punktum. Dette gjer at § 4 sjette punktum blir unødvendig og kan opphevast.

§ 4 femte punktum gjeld korleis ein skal regulera AFP ved første reguleringstidspunkt etter uttak i månadene juni til april. Sidan det ikkje lenger skjer eit fråtrekk på 0,75 prosent, vil det ikkje lenger vere noko fråtrekk som kan setjast ned. Metoden for å berekna regulering i det første året etter uttak må derfor bli endra. Departementet foreslår at føresegna blir endra slik at ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månadene juni til april, skal pensjonen, unntatt AFP-tillegg og forsørgingstillegg, bli regulert med ein faktor som består av både lønnsvekst og eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst, vekta ut frå når i perioden pensjonen blei tatt ut. AFP-tillegg og forsørgingstillegg er her halde utanfor fordi AFP-tillegget blir berekna av eit fast kronebeløp, medan ektefelletillegget blir berekna av minste pensjonsnivå med høg sats.

Det blir vist til forslaget om endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse § 4 tredje, femte og sjette punktum i lovforslaget.

Endringane bør ta til å gjelde så raskt som mogleg og kan få verknad frå 1. april 2022.

7.4.6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.5 Presisering knytt til ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning

7.5.1 Innleiing

Reglane om ektefellepensjon i lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. og lov om pensjonsordning for sykepleiere blei endra frå 1. juli 2020. Hovudformålet var å gi reglar om endring av brutto ektefellepensjon til nettopensjon for etterlatne fødd i 1954 eller seinare når dei fyller 67 år slik at ein unngår samordning av ektefellepensjon med alderspensjon frå folketrygda berekna etter folketrygdlova kapittel 20. Det blei samstundes gjort endringar der formålet var å tydeleggjere kven som er omfatta av føresegnene om bruttoberekna ektefellepensjon. Sjølv om tydeleggjeringa ikkje innebar noka realitetsendring, oppstod likevel eit uklårt spørsmål knytt til vilkåret om å vere omfatta av såkalla ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon. Lovforslaget rettar opp dette, slik at det tydeleg kjem fram at ekteskapet må vere inngått før 1. januar 2010.

7.5.2 Gjeldande rett

Føresegner om netto ektefellepensjon blei innført i 2001. Ved innføringa blei det bestemt at nokon framleis skal vere omfatta av reglane om bruttoberekna ektefellepensjon som ei overgangsordning. Bruttoberekna ektefellepensjon blir delt i behovsprøvd og ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon.

Behovsprøvd pensjon blei innført 1. oktober 1976. Behovsprøvinga inneber at ytinga blir redusert for atlevande si arbeidsinntekt og pensjon. Før dette hadde alle enkjer etter mannleg medlem rett til ein ikkje-behovsprøvd yting. Denne ytinga blir ikkje redusert for atlevande si arbeidsinntekt og pensjon. Reglane om ikkje-behovsprøvd enkje-

pensjon kjem frå ei tid då kvinnene normalt var heimearbeidande. Då enkjemenn fekk rett til enkjemannspensjon frå 1. oktober 1976 utan at dei måtte godtgjere at dei blei forsørgd av ektefellen, fekk dei rett til behovsprøvd enkjemannspensjon. Enkjer etter menn som blei medlem etter september 1976, fekk rett til behovsprøvd enkjepensjon. Ved endringa i 1976 blei det bestemt som ei overgangsordning at enkjer etter menn med medlemskap frå tida før 1. oktober 1976 framleis skulle ha rett til ikkje-behovsprøvd enkjepensjon. Dette har vist seg å vera ei svært lang overgangsordning.

Den ikkje-behovsprøvdde ytinga gjaldt lenge berre for kvinner som var gift med menn med medlemskap før 1. oktober 1976. EFTA-domstolen konkluderte likevel 30. oktober 2007 med at særreglane for kvinnelege etterlatne var i strid med likestillingsdirektivet og artikkel 69 i EØS-avtalen. Dommen blei følgt opp gjennom behandling i Stortinget av Prop. 10 L (2009–2010), jf. Ot.prp. nr. 101 (2008–2009), og Innst. 55 L (2009–2010), sjå endringslov 15. januar 2010 nr. 1. Likestillinga av kvinner og menn blei gjennomført med både ei innstramming og ei utviding av reglane for ikkje-behovsprøvdde pensjonar. Utvidinga frå 1. februar 2010 innebar at etterlatne etter kvinnelege medlemmer også kunne få ikkje-behovsprøvd brutto ektefellepensjon, men berre for den oppteninga medlemmen hadde frå og med 1. januar 1994, tidspunktet då EØS-avtala blei gjeldande i Noreg. Den delen av pensjonen som er knytt til oppteningstid før 1994, skulle framleis vere behovsprøvd. Innstramminga gjaldt mellom anna at reglane om ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon ikkje skulle gjelde når ekteskapet blei inngått etter lovendringa. Endringane innebar at når dødsfallet skjedde etter januar 2010 gjaldt reglane om ikkje-behovsprøvd pensjon berre for gjenlevande ektefellar fødd før 1. januar 1955 når avdøde blei medlem av pensjonsordninga første gang før 1. oktober 1976 og ekteskapet blei inngått før 1. januar 2010.

7.5.3 Vurderingar og forslag

Formålet med endringane i 2020 var å tydeleggjere kven som er omfatta av reglane for brutto-

berekna ektefellepensjon. Det har vore fleire endringar av vilkåra undervegs, og dei siste endringane skulle tydeleggjere desse. Endringane innebar inga realitetsendring, men det oppstod likevel eit uklart spørsmål knytt til vilkåret om at ekteskapet måtte vere inngått før 1. januar 2010 for å vera omfatta av reglane om ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon. Lovforslaget rettar opp dette, slik at det kjem tydeleg fram at det er eit krav at ekteskapet er inngått før 1. januar 2010 for at gjenlevande skal kunne ha rett til ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon.

Departementet viser til forslaget om endringar i lov om Statens pensjonskasse § 34 tredje ledd andre punktum, lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 17 tredje ledd andre punktum og lov om pensjonsordning for sykepleiere § 20 første ledd andre punktum i lovforslaget.

Endringane kan tre i kraft så raskt som mogleg.

7.5.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.6 Retting av feil i lov om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.

Lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) § 9-2 blei endra med verknad frå 1. januar 2021. Det som tidlegare var dekningsloven § 9-2 første ledd nr. 2, er no dekningsloven § 9-2 andre ledd nr. 1. I lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. (lønnsgarantilova) viser § 1 framleis til dekningslova § 9-2 første ledd nr. 2, då tilvisinga ikkje blei endra då dekningslova blei endra. Departementet foreslår å endre lønnsgarantilova slik at denne viser til den rette heimelen i dekningslova.

Det blir vist til forslaget til endring av lønnsgarantilova § 1 sjette ledd i lovforslaget.

Endringa kan tre i kraft så raskt som mogleg.

8 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

Lov om Statens pensjonskasse

Til § 8, § 15 tredje ledd første punktum, § 21 første og andre ledd, § 21 A første ledd, § 22 første og andre ledd, § 23 første ledd første og andre punktum, § 23 andre ledd og § 26 tredje ledd femte og sjette punktum

Føresegnene blir endra slik at dei blir kjønnsnøytrale. Sjå den nærmare omtala i pkt. 7.1.

Til § 34

Reglane om ektefellepensjon i lova blei endra frå 1. juli 2020. Det blei samstundes gjort endringar der formålet var å tydeleggjere kven som er omfatta av føresegnene om bruttoberekna ektefellepensjon. Sjølv om tydeleggjeringa ikkje innebar noka realitetsendring, oppstod likevel eit uklart spørsmål knytt til vilkåret i *tredje ledd andre punktum* om å vere omfatta av såkalla ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon. Lovforslaget rettar opp dette, slik at det tydeleg kjem fram at ekteskapet må vere inngått før 1. januar 2010.

Sjå elles omtala i pkt. 7.5.

Lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.

Til § 1 andre ledd, § 2 andre ledd, § 7 nr. 1 første ledd første og andre punktum, § 7 nr. 2 første ledd, § 7 nr. 2 andre ledd første punktum, § 9 fjerde ledd femte og sjette punktum, § 29 nr. 1 første ledd første punktum og § 36 andre ledd første punktum

Føresegnene blir endra slik at dei blir kjønnsnøytrale. Sjå den nærmare omtala i pkt. 7.1.

Til § 17

Reglane om ektefellepensjon i lova blei endra frå 1. juli 2020. Det blei samstundes gjort endringar der formålet var å tydeleggjere kven som er omfatta av føresegnene om bruttoberekna ektefellepensjon. Sjølv om tydeleggjeringa ikkje innebar noka realitetsendring, oppstod likevel eit uklart spørsmål knytt til vilkåret i *tredje ledd andre punktum* om å vere omfatta av såkalla ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon. Lovforslaget rettar

opp dette slik at det tydeleg kjem fram at ekteskapet må vere inngått før 1. januar 2010.

Sjå elles omtala i pkt. 7.5.

Lov om pensjonsordning for sykepleiere

Til § 8 tredje ledd første og andre punktum, § 9 første ledd, § 10 andre ledd, § 29 andre ledd og § 36 første ledd første punktum

Føresegnene blir endra slik at dei blir kjønnsnøytrale. Sjå den nærmare omtala i pkt. 7.1.

Til § 20

Reglane om ektefellepensjon i lova blei endra frå 1. juli 2020. Det blei samstundes gjort endringar der formålet var å tydeleggjere kven som er omfatta av føresegnene om bruttoberekna ektefellepensjon. Sjølv om tydeleggjeringa ikkje innebar noka realitetsendring, oppstod likevel eit uklart spørsmål knytt til vilkåret i *første ledd andre punktum* om å vere omfatta av såkalla ikkje-behovsprøvd ektefellepensjon. Lovforslaget rettar opp denne uklårleiken slik at det tydeleg kjem fram at ekteskapet må vere inngått før 1. januar 2010.

Sjå elles omtala i pkt. 7.5.

Lov om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.

Til § 1

I *sjette ledd* blir tilvisninga til dekningsloven § 9-2 retta, slik at det blir vist til dekningslova § 9-2 andre ledd nr. 1 i staden for til første ledd nr. 2. Sjå elles omtala i pkt. 7.6.

Folketrygdlova

Til § 3-25

Ved lov 18. desember 2020 nr. 140 om endringar i folketrygdloven (utfasing av forsørgingstillegg til alderspensjon) blei det gjort endringar i mellom anna folketrygdlova § 3-25 andre ledd om barne-tillegg til ein person som har fylt 67 år og som mottar heil alderspensjon etter folketrygdlova

kapittel 19. Eit feil årstal i *fjerde punktum* blir no retta opp. Sjå elles omtala i pkt. 7.3.

Til § 4-4

Paragrafen gjeld kravet om minsteinntekt for rett til dagpengar. *Første ledd* blir endra slik at berre arbeidsinntekta som er utbetalt dei siste tolv avslutta kalendermånadene før søknadstidpunktet, kan leggjast til grunn ved vurderinga av kravet til minsteinntekt. Samstundes blir det foreslått at det tydeleg går fram at det er dei faktiske utbetalingane i oppteningsperioden som skal leggjast til grunn, i tråd med praksis. Sjå elles omtala i pkt. 7.2.

Andre ledd blir foreslått endra slik at det går fram at sjukepengar etter folketrygdlova kapittel 8 og pleiepengar m.m. etter folketrygdlova kapittel 9 blir rekna som arbeidsinntekt etter denne paragrafen, men berre når retten til desse ytingane er tent opp som arbeidstakarar. Sjå elles omtala i pkt. 2.

Til § 4-5

Paragrafen gjeld vilkåret om å vere reell arbeids-søklar for å ha rett til dagpengar. Gjeldande *tredje ledd* blir foreslått oppheva som følge av at retten til å få dagpengar i samband med feriefråvær blir avvikla. Gjeldande *fjerde ledd* blir dermed tredje ledd. Sjå elles omtala i pkt. 4.

Til § 4-11

Paragrafen gir reglar om kva for inntekter dagpengane blir rekna ut frå – dagpengegrunnlaget. Det blir foreslått å endre *andre ledd* slik at det går fram at berre inntekter som er utbetalt dei siste tolv avslutta kalendermånadene før søknadstidpunktet skal inngå i dagpengegrunnlaget. Sjå elles omtala i pkt. 2.

Samstundes blir det foreslått at det tydeleg går fram at det er dei faktiske utbetalingane i oppteningsperioden som skal leggjast til grunn, og at det er bruttoinntekta som inngår i grunnlaget. Sjå elles omtala i pkt. 7.2.

Til § 4-12

Paragrafen gjeld storleiken på dagpengane.

Gjeldande *andre ledd tredje punktum* blir oppheva som følge av forslaget om at begge forsørgjarane skal få barnetillegget dersom begge er dagpengemottakarar. Sjå omtala i pkt. 3.

Etter *tredje ledd* kan dagpengane ikkje utgjere meir enn 90 prosent av grunnlaget, jf. § 4-11, med-

rekna barnetillegget. Forslaget om ei ferietilleggsordning, noko som i hovudsak svarar til den tidlegare ordninga, inneber at tredje ledd må endrast. Fram til 2015 gjekk det fram at avgrensinga på 90 prosent av grunnlaget ikkje gjaldt for ferietillegget, men kom i tillegg. Dette kjem fram i forslaget til endring av tredje ledd. Sjå elles omtala i pkt. 4.

Til § 4-14

Folketrygdlova § 4-14 blir endra til å innehalde reglar om ferietillegg til dagpengane. Ferietillegget blir i hovudsak foreslått gjeninnført slik det var før 1. januar 2015, og blir som då, regulert i § 4-14.

Retten til ferietillegg og storleiken på tillegget blir regulert i *første ledd*.

Etter *andre ledd* får departementet heimel til å gi forskrifter om innretninga av ferietilleggsordninga, det vil seie om berekninga og utbetalinga av tillegget. Sjå elles omtala i pkt. 4.

Til § 4-15

Paragrafen gjeld dagpengeperioden. I *første ledd* går det fram at den tidlegare inntekta til dagpengemottakarane avgjer lengda på dagpengeperioden. Med den foreslåtte endringa vil berre dei som har hatt utbetalt ei inntekt på minst 2G dei siste tolv avslutta kalendermånadene før søknadstidpunktet, kunne få dagpengar i inntil 104 veker. Dei som har hatt ein lågare inntekt, vil få dagpengar i inntil 52 veker. Sjå elles omtala i pkt. 2.

Til § 4-16

Paragrafen gjeld høve til å ta opp att eit vedtak om dagpengar etter avbrot i stønadsperioden av ulike årsaker. Noverande *andre ledd* blir oppheva som følge av at det ikkje lenger er behov for særskilde reglar om gjenopptak av dagpengeperioden for dei som har deltatt i arbeidsmarknadstiltak, avtent verneplikta eller vore sjuke på grunn av graviditet. Gjeldande *tredje ledd* blir dermed andre ledd. Sjå elles omtala i pkt. 5.

Til § 8-17

I *første ledd bokstav d og e* blir tilvisinga endra frå § 8-4 tredje ledd til § 8-4 andre ledd, sidan andre ledd blei oppheva 1. juni 2021 og tredje ledd blei nytt andre ledd. Endringa har ikkje noko å seie materielt. Sjå elles omtala i pkt. 7.3.

Til § 8-49

I *tredje ledd nytt tredje punktum* blir det tatt inn ein rett til ferietillegg av sjukepengar på grunnlag av dagpengar. Når ferietillegget blir innført att for dagpengane, blir det også gitt rett til ferietillegg til sjukepengar etter denne særskilde heimelen. Sjå elles omtala i pkt. 4.

Til ny § 10-7 a

Paragrafen er ny. Etter *første ledd første punktum* kan det gis stønad til briller til ein medlem under 18 år som har behov for synskorrigering. Etter *første ledd andre punktum* blir det gjort unnatak frå det generelle kravet til at den nedsette arbeids-evna eller funksjonsevna må skuldast sjukdom, skade eller lyte.

I *andre ledd* er det fastsett at departementet kan gi forskrift om stønad etter paragrafen. Sjå elles omtala i pkt. 6.

Til § 20-20

Reglane om regulering av alderspensjon frå folke-trygda blei nyleg endra slik at alderspensjon under utbetaling frå og med 2022 blir regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst. § 20-20 gjeld garanti for opptente rettar. I *tredje ledd tredje punktum* står framleis den gamle regulerings-måten med regulering i samsvar med lønns-veksten og fråtrekk med 0,75 prosent. Føresegna blir endra slik at det går fram at utbetalt garantitillegg skal bli regulert i samsvar med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Sjå elles omtala i pkt. 7.4.3.

Lov om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor*Til § 7*

Sidan reglane for regulering av AFP i privat sektor ikkje skal leggast om til eit gjennomsnitt av lønns-

og prisvekst slik det er i folketrygda, blir tilvisinga i *fjerde ledd* til folketrygdlova endra. I staden for å vise til reguleringa i folketrygdlova § 20-18 andre ledd, som no inneber eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst, blir det tatt inn ei tilvising til lønns-veksten som gjelde for folketrygda etter § 20-18 første ledd, og som det så blir gjort fråtrekk for med 0,75 prosent. Sjå elles omtala i pkt. 7.4.4.

Lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse*Til § 4*

Regulering av forsørgingstillegg til AFP frå Statens pensjonskasse blir i dag regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Noverande lovtekst i § 4 tredje og sjette punktum er likevel unødvendig tung, og endringane gjer teksten enklare. Endringane i *tredje punktum* klargjer at forsørgingstillegg til AFP skal bli regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten, medan *sjette punktum* blir oppheva.

Endringa i § 4 *femte punktum* gjeld korleis ein skal regulera AFP ved første reguleringstidspunkt etter uttak i månadene juni til april. Sidan det ikkje lenger skjer eit fråtrekk på 0,75 prosent, vil det ikkje lenger vere noko fråtrekk som kan setjast ned. Metoden for å berekna regulering i det første året etter uttak må derfor bli endra. Føresegna blir endra slik at ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månadene juni til april, skal pensjonen, unntatt AFP-tillegg og forsørgings-tillegg, bli regulert med ein faktor som består av både lønnsvekst og eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst, vekta ut frå når i perioden pensjonen blei tatt ut.

Sjå elles omtala i pkt. 7.4.5.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2023)

I

I lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse skal disse endringane gjerast:

I følgjande føresegner blir «han» endra til «vedkommende»:

§ 8, § 15 tredje ledd første punktum, § 21 første ledd og § 22 første ledd.

§ 21 andre ledd skal lyde:

Fratrer et medlem tidligst tre år før aldersgrensen, får *vedkommende* alderspensjon såfremt summen av *tenestetid* og alder er minst 85 år, eller *vedkommende* ved fratreden har fylt 67 år.

§ 21 A første ledd skal lyde:

Statens pensjonskasse kan bevilge straks løpende alderspensjon til arbeidstaker som i løpet av de siste *ti årene* har gått over fra stilling med lavere aldersgrense til stilling med høyere *aldersgrense*, når

- a. *vedkommende* hadde hatt lavere aldersgrense i minst 15 år,
- b. *den lavere aldersgrensen* er begrunnet i forhold som er omhandlet i *lov om aldersgrenser for offentlige tjenestemenn* m.fl. § 2 første ledd alternativ a, og
- c. *vedkommende* ville hatt rett til alderspensjon i den tidligere *stillingen*.

§ 22 andre ledd skal lyde:

Den årlige alderspensjonen beregnes slik:

- a. *Et medlem med 30 års tenestetid eller mer får full alderspensjon*. Denne skal utgjøre 66 prosent av pensjonsgrunnlaget.
- b. *Et medlem med kortere tenestetid enn 30 år skal ha en avkortet alderspensjon*, som utgjør så mange *trettideler* av full pensjon som *vedkommende* har tjenesteår.

§ 23 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Et medlem som fratrer sin stilling med minst tre års tenestetid, men uten rett til straks å få pensjon etter denne loven eller lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse, har rett til oppsatt alderspensjon fra den aldersgrensen som gjelder for stillingen, men tidligst fra fylte 65 år. Den oppsatte alderspensjonen skal utgjøre så mange trettideler av full pensjon som vedkommende har tjenesteår, men ikke mer enn full pensjon etter § 22.

§ 23 andre ledd skal lyde:

For den som blir opptatt som nytt medlem av Statens pensjonskasse etter 1. januar 1967, skal oppsatt alderspensjon utgjøre en så stor del av full pensjon som forholdet mellom opptjent tenestetid og den *tenestetiden* vedkommende ville hatt fra den dag han eller hun ble medlem av Pensjonskassen og fram til aldersgrensen, men ikke mer enn 40 år og ikke mindre enn 30 år.

§ 26 tredje ledd femte og sjette punktum skal lyde: Dersom medlemmet ved endelig fratreden ikke har rett til straks å få pensjon for den siste *stillingen*, får han eller hun igjen sin opprinnelige pensjon inntil *vedkommende* når aldersgrensen i den siste *stillingen*. Fra da av blir *pensjonen* beregnet etter den samlede *tenestetiden*.

§ 34 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Dersom ekteskapet ble inngått før 1. januar 2010, gjelder dette likevel ikke for pensjon til enke etter mannlig medlem som ble medlem første gang før 1. oktober 1976, og heller ikke for annen gjenvlevende ektefelle etter medlem med medlemskap før 1. oktober 1976 for tenestetid opptjent etter 31. desember 1993.

II

I lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. skal disse endringane gjerast:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Arbeidstaker med flere stillinger som omfattes av pensjonsordningen, skal være medlem *når stillingene* til sammen fyller vilkårene etter første ledd, bokstav b.

§ 2 andre ledd skal lyde:

Pensjonsordningen kan fritta en arbeidstaker for medlemskap dersom *vedkommende* går inn under en annen *tjenestepensjonsordning*, eller det foreligger andre særlige grunner for det.

§ 7 nr. 1 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Et medlem får alderspensjon når han *eller hun* helt eller delvis fratrer sin stilling ved eller etter nådd aldersgrense. Fratrer medlemmet tidligst tre år før aldersgrensen, ytes alderspensjon såframnt summen av tjenestetid og alder er minst 85 år, eller *vedkommende* ved fratreden har fylt 67 år.

§ 7 nr. 2 første ledd skal lyde:

Medlem som fratrer sin stilling etter minst tre års tjenestetid uten rett til straks å få pensjon etter denne loven eller etter *lov om* avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apotekvirksomhet mv., har rett til oppsatt alderspensjon fra aldersgrensen, eller fra det tidspunkt *vedkommende* ved fylte 67 år blir tilstått alderspensjon fra folketrygden.

§ 7 nr. 2 andre ledd første punktum skal lyde:

Den oppsatte alderspensjon skal utgjøre en så stor del av full pensjon som forholdet mellom opptjent tjenestetid og den samlede *tjenestetiden* vedkommende ville ha fått om han *eller hun* hadde fortsatt i stillingen til aldersgrensen, *men* ikke mer enn 40 år og ikke mindre enn 30 år.

§ 9 fjerde ledd femte og sjette punktum skal lyde:

Dersom medlemmet ved endelig fratreden ikke har rett til straks å få pensjon for den siste *stillingen*, får han *eller hun* igjen sin opprinnelige pensjon inntil *vedkommende* når aldersgrensen i den siste *stillingen*. Fra da av *blir pensjonen* beregnet etter den samlede *tjenestetiden*.

§ 17 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Dersom ekteskapet ble inngått før 1. januar 2010, gjelder *dette* likevel ikke for pensjon til enke etter mannlig medlem som ble medlem første gang før 1. oktober 1976, og heller ikke for annen gjenvlevende ektefelle etter medlem med medlemskap før 1. oktober 1976 for tjenestetid opptjent etter 31. desember 1993.

§ 29 nr. 1 første ledd skal lyde:

Medlemmet og i tilfelle hans *eller hennes* arbeidsgiver skal betale pensjonspremie til pensjonsordningen så lenge medlemmet er i tjeneste som nevnt i § 1, jfr. § 2, herunder også ved midlertidig *avbrudd* i tjenesten. For arbeidstakere betales *likevel* premie under *avbrudd* i tjenesten bare når full lønn betales.

§ 36 andre ledd første punktum skal lyde:

Den som ikke har slik tjenestetid som nevnt i foregående ledd, får godskrevet som pensjongivende *to* år av tidligere tjenestetid for hvert år *vedkommende* er i arbeid som omfattes av pensjonsordningen etter lovens ikraftreden.

III

I lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere skal disse endringane gjerast:

§ 8 tredje ledd første og andre punktum skal lyde:

Når et medlem er gått over fra en stilling med høyere til en stilling med lavere innskottsgrunnlag, eller når grunnlaget for hans *eller hennes* stilling er blitt satt ned uten at dette skyldes en alminnelig lønnsregulering, får medlemmet pensjon beregnet etter det høyere *grunnlaget* for så mange tjenestear som han *eller hun* hadde da *vedkommende* fratradte den høyere *stillingen* eller da grunnlaget for stillingen ble satt ned. I tillegg hertil får medlemmet pensjon beregnet etter det lavere *grunnlaget* for så mange tjenestear som han *eller hun* har hatt etter at *vedkommende* gikk over i den lavere *stillingen* eller etter at grunnlaget for stillingen ble satt ned, *men* ikke for flere tjenestear enn at den samlede *tjenestetiden* kommer opp i 30 år.

§ 9 første ledd skal lyde:

Det årlige beløp av en alderspensjon beregnes slik:

a. Har medlemmet en pensjongivende tjenestetid på 30 år eller mer, får *vedkommende* full

alderspensjon. Denne skal være 66 pst. av pensjonsgrunnlaget.

- b. Har medlemmet en pensjonsgivende tjenestetid på mindre enn 30 år, skal *vedkommende* ha en avkortet *alderspensjon*, som utgjør så mange trettideler av full pensjon som *vedkommende* har tjenesteår.

§ 10 andre ledd skal lyde:

For den som blir opptatt som nytt medlem av pensjonsordningen etter 1. januar 1967, skal oppsatt alderspensjon som nevnt i første ledd utgjøre en så stor del av full pensjon som forholdet mellom opptjent tjenestetid og den *tjenestetiden* vedkommende ville hatt fra den dag han *eller hun* ble medlem av pensjonsordningen og fram til aldersgrensen, *men* ikke mer enn 40 år og ikke mindre enn 30 år.

§ 20 første ledd andre punktum skal lyde:

Dersom ekteskapet ble inngått før 1. januar 2010, gjelder dette likevel ikke for pensjon til enke etter mannlig medlem som ble medlem første gang før 1. oktober 1976, og heller ikke for annen gjenvlevende ektefelle etter medlem med medlemskap før 1. oktober 1976 for tjenestetid opptjent etter 31. desember 1993.

§ 29 andre ledd skal lyde:

Et medlem regnes for å ha betalt innskott til pensjonsordningen når *vedkommende* har fått sin lønn med fradrag av pliktig innskott.

§ 36 første ledd første punktum skal lyde:

Enhver arbeidsgiver plikter å sende pensjonsordningen meldinger og innberetninger om de arbeidstakere *arbeidsgiveren* har i sin *tjeneste*, og som omfattes av denne lov.

IV

I lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. skal § 1 sjette ledd lyde:

Garantien omfatter i tillegg rimelige omkostninger arbeidstaker eller en arbeidstakerorganisasjon har i forbindelse med konkursbegjæringen. Kravene dekkes i den utstrekning de er massefordringer etter dekningsloven § 9-2 *andre ledd nr. 1*, og boet selv ikke har midler til å dekke dem.

V

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal disse endringane gjerast:

§ 3-25 andre ledd fjerde punktum skal lyde:

Fra og med 1. januar 2023 fases barnetillegget gradvis ut slik at fullt tillegg utgjør 67 prosent av tillegget etter andre punktum i 2023 og 33 prosent av tillegget etter andre punktum i 2024.

§ 4-4 første og andre ledd skal lyde:

For å få rett til dagpenger må medlemmet *i* de siste tolv avsluttede kalendermånedene før det søkes om stønad ha hatt *utbetalt* en brutto arbeidsinntekt som minst svarer til 1,5 ganger grunnbeløpet på *søknadstidspunktet*.

Likestilt med arbeidsinntekt etter denne bestemmelsen *er sykepenger* etter kapittel 8, *pleiepenger, omsorgspenger og opplæringspenger* etter kapittel 9 og svangerskapspenger og foreldrepenger etter kapittel 14, *når rett til stønad er opptjent som arbeidstaker.*

§ 4-5 tredje leddet blir oppheva. Noverande fjerde ledd blir tredje ledd.

§ 4-11 andre ledd skal lyde:

Dagpengegrunnlaget fastsettes ut fra medlemmets *utbetalte* arbeidsinntekt de siste tolv avsluttede kalendermånedene før han eller hun søker om stønad, eller får fastsatt nytt dagpengegrunnlag etter bestemmelsene i § 4-16 første ledd, andre og tredje *punktum*. *Dagpenger* under arbeidsløshet etter dette kapitlet, sykepenger etter kapittel 8, omsorgspenger, pleiepenger og opplæringspenger etter kapittel 9 og svangerskapspenger og foreldrepenger etter kapittel 14, tas også med i dagpengegrunnlaget når rett til stønad er opptjent som arbeidstaker. *Det er brutto inntekt før skattekutt som legges til grunn for beregningen.*

§ 4-12 andre ledd tredje punktum blir oppheva. Noverande andre ledd fjerde punktum blir tredje punktum.

§ 4-12 tredje ledd skal lyde:

Dagpenger inklusive barnetillegg, *men eksklusive ferietillegg*, kan ikke utgjøre mer enn 90 prosent av medlemmets dagpengegrunnlag.

§ 4-14 skal lyde:

§ 4-14 *Ferietillegg*

Det gis et ferietillegg til medlemmer som har mottatt dagpenger i mer enn åtte uker i løpet av et kalenderår.

Ferietillegget skal utgjøre 9,5 prosent av de utbetalte dagpengene i kalenderåret.

Departementet kan gi forskrift om beregning og utbetaling av ferietillegget.

§ 4-15 første ledd første punktum skal lyde:

Det ytes hele eller graderte dagpenger i en full stønadperiode på til sammen 104 uker til medlem som har hatt arbeidsinntekt, jf. § 4-4, på minst 2 ganger grunnbeløpet i de siste tolv avsluttede kalendermånedene før søknadstidspunktet.

§ 4-16 andre ledd blir oppheva. Noverande tredje ledd blir andre ledd.

§ 8-17 første ledd bokstav d og e skal lyde:

d. under nødvendig kontrollundersøkelse som krever minst 24 timers fravær, se § 8-4 *andre* ledd bokstav e,

e. når arbeidstakeren er donor, se § 8-4 *andre* ledd bokstav i.

§ 8-49 tredje ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Dersom et medlem har mottatt dagpenger eller sykepenger på grunnlag av dagpenger etter denne paragrafen i mer enn åtte uker i et kalenderår, ytes det et ferietillegg på 9,5 prosent til sykepengene.

Ny § 10-7 a skal lyde:

§ 10-7 a *Stønad til briller til barn*

Det kan gis stønad til briller til et medlem under 18 år som har behov for synskorrigerings. Det er ikke et vilkår for rett til stønad at behovet for synskorrigerings skyldes sykdom, skade eller lyte.

Departementet gir forskrift om stønad etter denne paragrafen.

§ 20-20 tredje ledd tredje punktum skal lyde:

Garantitillegg tas ut i samme grad som alderspensjon og reguleres i takt med *et gjennomsnitt av lønns- og prisvekst*, se § 20-18 andre ledd.

VI

I lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor skal disse endringane gjerast:

§ 7 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Pensjonen, unntatt det faste tillegget etter tredje ledd, reguleres i samsvar med lønnsveksten *som gjelder for folketrygden, jf. folketrygdloven § 20-18 første ledd*, og fratrekkes deretter 0,75 prosent.

§ 7 fjerde ledd tredje punktum blir oppheva. Noverande fjerde ledd fjerde punktum blir tredje punktum.

VII

I lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse skal disse endringane gjerast:

§ 4 tredje punktum skal lyde:

Pensjonen, *unntatt AFP-tillegg*, reguleres i samsvar med et gjennomsnitt av lønns- og prisvekst.

§ 4 femte punktum skal lyde:

Ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månedene juni til april *reguleres pensjonen, unntatt AFP-tillegg og forsørgingstillegg, med en faktor som består av lønnsvekst og av gjennomsnittlig lønns- og prisvekst, vektet ut fra når i denne perioden pensjonen ble tatt ut.*

§ 4 sjetten punktum blir oppheva.

VIII

1. Lova tek til å gjelde 1. januar 2023.
2. Endringa i folketrygdlova § 20-20 under del V og endringane under del VI og VII tek til å gjelde straks og får verknad frå 1. april 2022.
3. Departementet kan gi forskrift om overgangsreglar.

